

ÅRSPLAN



2018/2019

Innhold

Presentasjon av barnehagen	3
Barnehagens formål	3
Barns medverknad	6
Danning gjennom omsorg, leik og læring	7
Barnehagens satsingsområde	8
Leik og Læring	8
Være Sammen	9
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	9
Fagområda	12
Kommunikasjon, språk og tekst	12
Kropp, rørsle, mat og helse	13
Kunst, kultur og kreativitet.....	13
Natur, miljø og teknologi	14
Etikk, religion og filosofi	14
Nærmiljø og samfunn	15
Mengd, rom og form	15
Tieplikt og meldeplikt	15
Samarbeid mellom heim og barnehagen	16
Eigarstyret	16
Foreldrerådet	16
Samarbeidsutvalet	17
Samarbeid med andre instansar	17
Overgangar	17
Tilvenning	18
Overgang internt i barnehagen	18
Overgang frå barnehage til barnehage.....	18

Overgang frå barnehage til skule	19
Vedlegg	20
Progresjonsplan	20

Presentasjon av barnehagen

Spødarbakken barnehage er ein privateigd andelsbarnehage som stod ferdig juni 2005. Barnehagen ligg sentralt på Bryne, med kort avstand til sentrum og turområde. Hausten 2013 blei heile barnehagen totalrenovert innvendig. Vi har fire avdelingar, Tommeliten og Veslefrikk, for 1-2 år og Askeladden og Tyrihans, for 3-6 år. Pr. august 2018 har vi 20,2 årsverk. Vi har 27,4 små barn fordelt på 28 plassar på to småbarnsavdelingar (1-2 år) og 52 barn fordelt på 51,6 plassar på to store avdelingar.

Dei siste åra har vi auka personalets faglege kompetanse gjennom eit prosjekt kalla «Være Sammen». Det handlar om å være autoritative vaksne som er med på å skapa eit trygt og godt barnehagemiljø der mange gode sterke relasjonar blir danna. Barna har og blitt kjente med materialet og i juni 2018 blei barnehagen ein løvebarnehage. Dette betyr blant anna at dei vaksne skal være autoritative i det daglege og at barna skal følgja «Løveloven» (meir informasjon om dette seinare).

Spødarbakken barnehage er ein andelsbarnehage som har eit eigarstyre som det øvste kontrollorganet. Dette styret skal fungere som barnehagen sitt bindeledd mellom årsmøta. Eigarstyret består av 6 medlemmar og 1 varamedlem. Eigarstyret skal ivareta eigaroppgåver som organisering og budsjett, samt andre avgjersler som angår verksemdas drift. Eigarstyret held 4-6 styremøte saman med dagleg leidar for kvart barnehage år. Val av medlemmer til eigarstyret vert gjort kvart år på årsmøte. Det er ein eigen valkomité som har ansvar for å finna nye kandidatar.

Barnehagens formål

Barnehagelova § 1 Formål seier blant anna:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».

Vidare står det at barnehagen skal gi barna moglegheit til å utfalde si undring, si skaparglede og si trong til utforsking. Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen, og at

dei skal bli møtt med respekt og tillit. Det står at barnehagen skal være ein utfordrande og tillitsvekkande plass for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal medverka til at barna opplever trivsel og glede i leik og læring, der barnehagen anerkjenner barndommens eigenverdi. Demokrati og likestilling skal fremmast, og barna skal medverka i forhold til sin alder og utviklingsnivå og det skal motarbeidast all form for diskriminering.

Vi i Spødarbakken barnehage er opptatt av at alle barn er like mykje verdt, vi har fokus på å inkludera alle og førebyggja mobbing. Vi har fokus på å danna gode og sterke relasjonar mellom barna, mellom barn – vaksen og vaksne seg i mellom. Dette er i samsvar med det barnehagebaserte kompetanseutviklingsprosjektet «Være Sammen» som vi har hatt sidan hausten 2015. Vi tenker at gjennom å være ein autoritativ vaksen, som er varm og grensesettande, gir vi barna trygge og føreseielege omgivnadar og ei oppleving av å bli anerkjent og godt likt som den ein er. I forhold til «Være Sammen» materialet er dette tilrettelagt for barna, og «Løveloven» som er skrevet av Eivind Skeie, er ein stor del av dette. Denne er med på å internalisere positive og gode holdninger hjå barna.



«Kan du Løveloven?

Jeg skal være meg,
men gi plass til andre,
slik at de blir seg,
bry meg om en annen,
hjelp når jeg kan.
Slik blir livet bedre
for barn i alle land!

Ser du en som plages?

Det er ikke bra!
Alle må stå sammen
om å si ifra!
Alle barn på jorden
har den samme rett

til å være trygge
og til å være sett».

Dette er ein song barna blir fort kjent med og vi samtalar ofte om kva songen handlar om. Den seiar vi skal være oss sjølv, det er med på å styrka sjølvbiletet vårt, men songen seiar og at andre skal få være seg sjølv. Dette synleggjer at barna må ta omsyn til kvarandre og at alle er like mykje verdt. Vi skal bry oss om og hjelpe kvarandre. Vi skal gje beskjed viss vi ser andre bli plaga, alle har eit ansvar for at alle skal vær trygge og at alle skal bli sett. I denne songen blir FN's barnekonvensjon og synleggjort, alle barn på jorda har den same rett. Vi skal ikkje presse ut nokon, men passe på at andre har det bra. Dette er med på å førebyggja mobbing, det handlar om tidleg innsats, fellesskapet og det visar at barn kan medverka i sin kvardag.

Gjennom den daglege barnehagekvardagen så skjer disse viktige tinga, både gjennom spontane og styrte aktivitetar. På stor avdeling har vi vekas barn, der eit barn er ekstra i fokus ei veke. Det barnet får med heim ein tom koffert og i denne kan dei ta oppi tre viktige gjenstandar for dei. Disse vises i samling framfor dei andre barna. Her blir det enkelte barn framheve, men på same tid blir det som er likt og ulikt vist fram – kva har dei som felles interesser og kva kan me lære av kvarandre. Gjennom barnehageåret har me forskjellige tema der blant anna likeverd, likestilling, inkludering, førebygging av mobbing har fokus. Dette året skal me ha fokus på Løveloven, der me skal ha forskjellige aktivitetar, samlingar om det å være seg sjølv, det vil blant anna handla mykje om kroppen, familien, meg sjølv og barn i andre land. Avdelingane planlegg og evaluerer undervegs saman med barna. Vi har forskjellige faste aktivitetar vi deltar på. Blant anna er 4 åringane med på julevandring i Bryne kyrkje i desember, vi syng for dei eldre på Sivdamsheimen ved juletider og ved påske kjem kateketen til Tyrihans og Askeladden for å fortelja påskehistoria.

For at barna skal oppleve glede over å være i barnehagen er det viktig at både føresette og personalet har gode relasjonar til barnehagen og kvarandre. For å få dette til er det ulike tilstellingar i barnehagen der føresette blir invitert som blant anna sommarfest, FN- kafé, julefrukost, nissefest og besteforeldrekaffi (berre besteforeldre blir invitert). Det er også dugnad for føresette der dei hjelper til med praktiske gjeremål, samtidig som dei bygger relasjonar seg mellom. Personalet har også fokus på fellesskap i personalgruppa, noko som syner igjen i eit godt arbeidsfellesskap. Personalet er opptekne av å ta vare på kvarandre og

dei skapar mykje god humor seg i mellom i det daglege. Barna vil oppleva livsmestring ved å vær på ein trygg og forutsigbar plass, der dei blir sett, der barnet opplev at dei kan vær seg sjølv. Dette tenkar me blir synleggjort ved at personalet har mykje humor seg imellom, men og at dei har forskjellige trygge og gode relasjonar. I barnehagen er det eigen kokk som lagar smaksrik, innbydande og fargerik mat til oss. Dette er med på å gje barna ein god smaksarena som kan gjer at dei utviklar matglede og sunne vanar.

Barnehagens visjon visar og korleis vi ynskjer barnehagekvardagen skal være

«...barna skal kome heim glade, trøytte, skitne og litt smartare enn då dei drog heimanfrå...»

Barna er glade fordi dei er trygge og får medverka i eigen kvardag, trøytte fordi dei er fulle av nye erfaringar, skitne fordi dei er engasjerte og erfarer omverda med heile seg og smartare fordi god leik i trygge omgivadar gir læring. Vi ønsker at vår visjon skal prege det pedagogiske arbeidet med barna. For å få dette til er det nødvendig å gi barna utfordringar tilpassa utviklingsnivå slik at dei opplever meistring og får trua på seg sjølv. Gjennom å ta barna med på ulike leikar, formingsaktivitetar og turar i nærmiljøet gir vi barna erfaringar og utfordringar dei har moglegheit til å meistre. På den måten vil barna få førstehands erfaringar og oppleve glede av meistring. Barna skal oppleva meistring ved å medverka meir i sin kvardag, barna skal sjå at dei og har ein stemme i barnehagen.

Barns medverknad

Barnehagelova og FNs barnekonvensjon slår fast at barn skal ha rett til medverknad å påverka sin kvardag tilpassa alder og føresetnad. Dei skal ha moglegheit til å både planlegga og vurdera dagane sine.

Ei viktig side av medverknad er at barna opplever å bli høyrde når dei gir uttrykk for tankar ord og meiningar, dette gjer dei både kroppsleg og språkleg. Vi vaksne skal være lydhøyre overfor barns uttrykk, og ta barnet på alvor, men passe på at dei ikkje får meir ansvar enn dei

klarar. I det daglege samtalar vi med barna, vi lyttar når dei undrar seg og still spørsmål, vi skal anerkjenne barnas eigen uttrykksmåte samtidig som vi skal hjelpe dei til å ta omsyn til andre sine ønsker. Når det kjem innspel og ynskjer frå barn skal me ta desse med i planar og aktivitetar. For å klare å gjer dette, må planane ha rom for endringar, og personalet må være fleksible i gjennomføringa av desse. Det vil bli laga meir opna planar for at barna skal få medverka meir på sin kvardag. Gjennom å ta barnas initiativ på alvor, ynskjer vi å synleggjere barnas moglegheiter til å påverke barnehagekvardagen sin. Vi kjem til å skrive månadsbrev ut til føresette der vi informerer kort om kva vi har opplevd i månaden som var.

Danning gjennom omsorg, leik og læring

Danning handlar også om å sjå seg sjølv som ein del av eit større fellesskap. Barna skal hjelpast til å ta eigne val og stå for dei, vi skal oppmuntra dei til å være nysgjerrige på omverda. Det skal være samhold og solidaritet, men på same tid skal vi sjå individet, barna skal kjenne at dei høyrer til ein plass. Dei verdiane og normene som er i samfunnet skal barnehagen bidra til at barna får ein viss forståing for (Rammeplanen, 2017). Mykje av dette kan skje når vi, som tidlegare nemnt, har fokus på løveloven og materialet rundt «Være saman».

Ein del av dannelsesarbeidet i Spødarbakken barnehage startar allereie i tilvenninga, der vi har valt å ta utgangspunkt i ein modell som vert kalla Jåttåmodellen. Der blir relasjonsbygging sett i fokus som ein del av tryggingssarbeidet til nye barn og føresette. Hovudtanken med denne tilvenningsmodellen er at trygge barn leikar og lærer betre enn utrygge barn. Vi vaksne skal være opptatt av å bygge gode relasjonar til alle barna i barnehagen, og vi skal hjelpe barn til å bygge gode relasjonar seg imellom. Vi vil hjelpe dei barna som synes dette er utfordrande. Ved å ha opnare planar det komande året, kan det vær lettare for personalet å fanga opp dei barna som syns det er vanskeleg. Den vaksne kan være med på å gjer ein aktivitet med det barnet interesserer seg for og få andre barn interesserte i det og. Barnehagen vil setja fokus på leik og læring det komande barnehageåret, der personalet vil få eit fagleg løft. Rammeplanen seiar blant anna at «barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap». Gjennom å blant anna dele barnegruppene opp i mindre grupper legg vi forholda til rette for at dette kan skje. Det å være med på felles opplevingar er og med på å bidra til å danne nære relasjonar og vennskap. Dette året skal personalet laga forskjellige leikemiljø på

ulike avdelingar for at barna kan utfordra seg sjølv i barnehagen, der vi kan inspirera og gje rom for at barna møter ulike typar leik og leikematerialar. Dei vaksne skal aktivt observera og analysa barnas leik for å tilretteleggja på best mogleg måte og dei skal la barna være med på å medverka. Dei skal og sjå viktigheita i å støtte og delta i leiken for hjelpa å vidareutvikla den på barnas premiss. Gjennom gode strukturar og rutinar skaper barnehagen trygge rammer for barna til å utfalde seg i leik, både aleine og saman med andre. Dei vaksne er aktive deltakarar både som rettleiarar og gode førebilete. Barna får utvikle sosial kompetanse som handlar om å kunne samarbeide positivt med andre i ulike situasjonar. Barn utviklar sosial kompetanse i samspel med kvarandre og med vaksne. Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. Rosande og støttande relasjonar er eit grunnlag for å utvikle sosial kompetanse, og ved å vær ein autoritativ vaksen vil dette være til hjelp i utviklinga.

Å bli tatt på alvor er avgjerande som motivasjon for læring og som grunnlag for å utvikle tillit til seg sjølv og andre. Barn lærer best gjennom leikande aktivitetar, og vi som vaksne skal legge til rette for dette. Barnehagen skal opplevast som eit miljø der det å leike, lære, meistre og utforske er naturleg. Vi skal hjelpa og støtte barna i desse læringsprosessane ved å vær aktive og engasjerte. Vi skal utvida barnas leik ved å fange opp deira interesser og støtta dei slik at det kan skapast ei meining og forståing rundt deira refleksjonar.

Barnehagens satsingsområde

Leik og Læring

Time kommunes kvalitetsplan frå 2017 til 2022 har sett opp forskjellige område som barnehagane skal satse på dei neste åra, deira fokus er «Trivsel i barnehagen», der det skal handla om inkludera, leik og medverknad. I Spødarbakken barnehage har vi valt å ha ekstra fokus på satsingsområdet leik og læring. Dette har vi gjort fordi vi ser viktigheita av leiken i barnehagen. Eide-Midsand seiar at barna har ein trong til å leike, at dette blir drivkrafta deira. Han seiar vidare at barna lærer både grunnleggande sosiale ferdigheiter, kulturspesifikke normer og tradisjonar gjennom leik. Størksen og Rege seiar at læring gjennom leik er viktig, der barna er aktive og engasjerte i aktivitetane saman med andre barn og vaksne, der dei følar at det er ei meining med det dei gjer. Personalet må derfor leggje til rette aktivitetane i forhold

til modning og alder for at barna skal oppleve mening med det. Vi skal og leggja til rette for den frie leiken og vi skal gje barna opplevingar som dei kan vidareføra i sin leik. Vi skal laga spennande leikemiljø både ute og inne som vidareutviklast kontinuerleg etter barnas interesser. I rammeplanen står det at «I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre». Det står og at barna skal få oppleve humor, glede, engasjement og spenning gjennom å leika åleine og saman med andre. Ved at personalet får læra meir om leik og læring, kan dei klare å til rette leggja eit meir stimulerande miljø. Personalet vil og få idear til dette frå barnehagar dei besøk på planleggingsdagen i august 2018. Vi vil jobba med å fremja venskap mellom barna, både på avdelingane, men og på tvers. Gjennom å ha opne planar vil dei vaksne kunne være betre støttespelarar for barna, der dei ser meir barnas interesser og fokus.


Være Sammen

Vi starta med barnehagebasert kompetanseutvikling med prosjektet «Være Sammen» hausten 2015 der målet var å auka den faglege kompetansen til dei tilsette. Vi skulle implementere den autoritative voksen stilen inn i barnehagen for å skapa eit godt og varmt barnehagemiljø og der gode sterke relasjonar kunne bli danna. Personalet har hatt faste veiledningar i grupper, ulike drøftingar på avdelinga og teoretiske innslag på personalmøta. Dette vil vi fortsetja med i året som kjem. Nytilsette får informasjon og materialar om den autoritative vaksenstilen etter kvart som dei begynn. Barnehagen kjøpte inn fleire eksemplar av foreldreboka «Du og Barnet ditt» som er tilgjengelege for utlån og er ein del av «Være Sammen» prosjektet. Dette er for implementere foreldra. I juni 2018 blei barnehagen ein løvebarnehage. Vi kjem til å fortsetja å implementera den autoritative vaksenstilen blant personalet og barna vil bli ennå meir kjent med materialet som er laga for barnehagebarn, figurar som Regnbogeløva, Ramona von Rotter og hennar fem ørkenbarn. For meir informasjon følg link <http://vaeresammen.no/>

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Rammeplan for barnehagen og barnehagelova pålegg alle barnehagar å ha ein årsplan. Årsplanen skal byggje på føringar frå Lovverk og Rammeplanen med føreskrifter fastsette av barne- og likestillingsdepartementet. Årsplanen skal være eit arbeidsreiskap for personalet, der ein dokumenterer vala barnehagen tek og grunngjevingane til det. Den er å finne på barnehagen si heimeside og på ebarnehage, slik at føresette, tilsynsmyndigheiter og andre

interesserte kan lese den. Årsplanen skal evaluerast og reviderast kvart år, og godkjennast av samarbeidsutvalet. Dette er prosessen for utarbeiding av årsplanen:



Barnehagen skal være ein lærande organisasjon, der personalet har fokus på å være gode førebilete for barna gjennom å være aktive vaksne som er til stades på barnas premisser. Gjennom opne planar og dagar skal barna få moglegheit til å være med å setje føringar til varierte erfaringar og opplevingar. Disse planane blir laga undervegs av personalet og barna. Personalet skriv månadsbrev til dei føresette slik at dei får skriftleg informasjon om det som har skjedd i barnehagen. Viktige datoar og gjeremål blir ført inn på kalenderen i ebarnehage. Personalet utarbeidar og ein halvårsplan, med overordna mål som skal være eit arbeidsverktøy for dei. Det blir og laga plan og mål for dei ulike aldersinndelte gruppene vi har ein gong i veka. Planane for dei aldersinndelte gruppene og månadsbrev blir lagt ut på ebarnehage slik at føresette kan følgje med på kva som skjer i barnehagen. Det pedagogiske årshjulet (årskalender) blir lagt ut som eit eige dokument på ebarnehage. Heimesida vil bli brukt til generell informasjon for samfunnet elles.

Personalet har gode møter både avdelingsvis og med heile personalgruppa, der alle får kjennskap til kva som skal skje i barnehagen, og der dei blir informert om ulike behov hjå barna slik at disse kan bli ivaretekne også utanfor dei strukturerte aktivitetane.

Vi skal kontinuerleg vurderer det pedagogiske arbeidet vi gjer ut ifrå våre eigne planar, rammeplanen og barnehagelova. Vi brukar blant anna kvalitetskrysset i arbeid med planar, refleksjonar og vurderingar.

Kva har vore bra?	Kvifor?
Kva kunne vore betre?	Korleis?

Heile personalgruppa er med på å vurderer dei felles arrangementa vi har, slik at alle blir inkluderte og at vi får opne og faglege diskusjonar på det me gjer. I det daglege snakkar personalet med barna om korleis vi har det, kva vi synes er bra og korleis ting kunne vore betre. Etter eit prosjekt er barna med på å evaluera gjennom kvalitetskrysset. Dei vaksne er bevisste barns forskjellige uttrykksmåtar for best mogleg å vurderer praksisen, barna uttrykk seg både verbalt og nonverbalt koss dei har det. Føresette kan påverka barnehagekvardagen gjennom samtaler med personalet, både i garderobesituasjon og under foreldresamtalar som er to gonger i året. Dei kan og ta kontakt med samarbeidsutvalet og styret.

Det vi dokumenterer av vårt arbeid viser korleis vi jobbar for å oppfylla dei krava barnehagelova og rammeplanen har sett. Føresette, lokalmiljøet og kommunen kan få informasjon gjennom barnehagens dokumentasjon om barnets opplevingar, gjeremål og lærdom i barnehagekvardagen. Til føresette dokumenterer vi kvardagen gjennom bilete og tekst på ebarnehage. Her ligg og planar som årsplan, halv- og månadsplan. Månadsplan heng og ute i garderobane. Barna har eigne mapper der blant anna ulike samtykker, informasjon om barnet og observasjonsmaterial blir lagra.

Gjennom dokumentasjon på avdelingane synleggjer vi dei ulike aktivitetane barna har vore med på. Barna kan føle stoltheit over eigen innsats og sjå både prosessar og resultat av

arbeidet. Vi kan også samtale om arbeidet og aktiviteten, og på den måten stimulere språkutvikling og omgrepsforståelsen til det enkelte barnet.

Fagområda

Rammeplanen seier at dei ulike fagområda, som speglar områder som barnet har interesse av og eigenverdi i, skal vær ein gjennomgåande del av barnehagens innhald. Dei skal sjåast i samanheng og dei skal bidra til å fremje barnas trivsel, helse og utvikling. Eit viktig grunnlag i forhold til arbeidet med fagområda, er leiken og barnas rett til medverknad. Det skal vær meiningsfullt og morosamt for dei. Gjennom undring, skapande aktivitetar og utforsking skal barna utvikla ferdigheiter og kunnskap innanfor dei ulike fagområda. Korleis vi har valt å jobbe med dei ulike fagområda ligg i eigen progresjonsplan (sjå vedlegg). Slik som det står i rammeplanen skal fagområda skal sjåast i ein samanheng. Vi har valt å ha fokus på alle fagområda heile året fordi vi ser at mange av dei går inn i kvarandre og det kan vær vanskeleg å skilje dei ifrå kvarandre. Nokre gonger vil eit fagområde ta meir plass enn andre, men dette vil jamne seg ut i løpet av eit år. Rammeplanen seiar at lek er eit viktig grunnlag for arbeidet med dei ulike fagområda, og det ynskjer vi skal vise igjen i kvardagen vår.

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Både den non-verbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte og rike førstehandserfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Samtalar, forteljingar, rim og regler og songar er viktige faktorar i språkstimuleringa. Personalet les høgt for barna både i samling, men og i smågrupper. Vi kan for eksempel bruka ulike konkretar, plansjar eller instrument når vi les og fortel for barna for å gjera lesestunda meir innhaldsrik. Barn trivst godt med å repetera lesinga og det kan opplevast trygt å få høyra det same eventyret over lengre tid. Bøker står lett tilgjengeleg på dei ulike avdelingane for barna, både for å kikke i dei, men og at det er lettare for barna å visa at dei ynskjer å lesa når det er tilgjengeleg. Barnehagen har eit stort familiebibliotek i kvar garderobe som oppmuntrar føresette til å låne bøker heim og lese i lag med barnet sitt.

For å stimulera språket til barna krev det at vi vaksne brukar språket aktivt gjennom barnehagedagen, også i kvardagssituasjonar som påkledning, bleieskift, måltid og sjølvsgt leik. Personalet bruker aktivt teikn til tale som ein støtte for språket. Bildekort som visar ulike teikn heng synleg på avdelingane og me skal i frå hausten av starte med verktøyet «boardmaker» som er ei programvare der man lagar kommunikasjonstavlar med tekst og symbol. Dette er og ei støtte for talespråket. Barna ser visuelt og kan ta på ulike bokstavar og tal i ulikt material både ute og inne i barnehagen. Vi brukar og forskjellige pedagogiske verktøy som er språkstimulerande slik som «Snakkepakken», «Språglede», «Steg for steg», «Dragehola» og «vennebøkene». Time kommune har laga ein eigen leseplan «Å læra å lesa, å lesa for å læra» som er eit verktøy for både barnehagar og skular, denne er tilgjengeleg på nettsida deira. Vi bruker kartleggingsverktøyet for barnets språkutvikling, TRAS, ved behov.

Kropp, rørsle, mat og helse

Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne. Når barn kontaktar andre barn, startar dei ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette er viktig for utvikling av sosial kompetanse. Det er viktig at barna opplever meistring gjennom fysisk aktivitet, og vi vil tilby barna varierte bevegelses erfaringar gjennom å bruke uteområde og nærmiljøet aktivt. Vi skal være ei støtte for barna slik at dei opplever glede og meistring i å være aktive. Vi skal være gode rollemodellar der vi er nærverande og aktive. Å få eit godt og naturleg forhold til eigen kropp blir meir og meir viktig, og vi ønsker å formidle til barna at det er naturleg med ulik utsjånad. Barna skal få kjennskap til korleis kroppen fungerer, bli trygge på sin eigen kropp og sine grenser, men og respektera andre. Dei skal utvikla eit positiv syn av seg sjølve og bli kjent med kjenslene sine. Vi skal hjelpe barna med å støtte opp, men på same tid utfordre dei. God helse heng også saman med eit godt kosthald. Vi har ein eigen kokk som brukar lokale råvara for å lage varierte og spennande supper og middagar fire dagar i veka. Vi legg til rette for at måltida skal bidra til glede, gode samtalar og fellesskapskjensle for barna og personalet.

Kunst, kultur og kreativitet

Gjennom ulike opplevingar med kunst og kultur får barn høve til å utforska, fordjupa og utvikla seg. Ved å bruke ulike formingsmateriell i ulike skapande prosessar får barna moglegheit til kreativitet, der dei kan gje uttrykk for inntrykka dei har fått frå omverda.

Gjennom å få lov til å sjølv bestemme og kjenne korleis eit produkt skal bli gjer ein god kjensle av meistring. Om ein får leike seg med ulike materiell utan å ha fokus på eit ferdig produkt vil ein få sanseopplevingar som kan hjelpe barnet til å bli tryggare på egne kjensler og stimulerer kreativiteten. Barna vil kunne få ein fellesskapskjensle under kreative aktivitetar. Vi skal stimulere til nysgjerrigheit og utvida forståinga til barna, der dei skal få undra seg, undersøkje, prøva ut og eksperimentera.

Natur, miljø og teknologi

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar gjennom heile året. Vi skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vêr. Vi ynskjer at barna skal utvikle ei gryande forståing for berekraftig utvikling og samspelet i naturen, og korleis vi kan ta vare på miljøet. Vi vel å bruke nærmiljøet og uteområdet i barnehagen til å snakke med barna om kva som skjer i dei ulike årstidene, vi tek barna med på planting og hausting av frukt og grønsaker, og vi et frå eiga avling. På den måten synleggjer vi noko av dette, og gjennom samtalar med barna set vi ord på det som skjer. Vi skal gi rom for undring og utprøving gjennom å tilby materiell der vi saman kan laga ulike konstruksjonar for å deretter å utforska moglegheitene til teknologi og reiskapar.

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og det er med å prega verdiane og haldningane våre. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. Kristen tru og tradisjon pregar norsk kultur og vi i barnehagen skal gi barna kjennskap til trua og tradisjonane. Vi vil markere høgtidene jul og påske i forhold til gamle og nye tradisjonar, og ta vare på den norske kulturen. Barna skal få innblikk i andre trusretningar og samfunn for å få ein gryande respekt for andre. Vi skal skape rom for undring omkring etiske og filosofiske utfordringar og om grunnleggjande spørsmål. Vi ynskjer at barna skal utvikle evna til empati og evne til å visa omsorg, være nysgjerrige og ha respekt for andre menneske.

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Det at barna får påverke det indre livet i barnehagen, kan være det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom å legge planar også ut frå barna sine interesser, vil dei oppleva ei kjensle av å kunne påverke sin kvardag og det som omgir dei. Å delta på arrangement i lokalmiljøet når det fell naturleg er ein del av dette og barna kan oppleva å høyre til i og bli kjent med nærmiljøet sitt. Vi vil gjere barna kjent med vår samiske kultur gjennom å markere samefolkets dag.

Mengd, rom og form

Vi skal tilretteleggja for at barna skal sjå matematikk i dagleglivet, i natur, teknologi, kunst og kultur. Då kan dei utforska og oppdaga, for deretter å være kreative og skapande. Barns nysgjerrighet, undring og motivasjon kan auke når de klarer å løyse ulike problem. For at barna skal klare å forstå samanhengar i naturen, universet og i samfunnet, må barna få moglegheit til å oppdaga og utforska det for å etter kvart skapa sine egne strukturar. Barn er tidleg opptatt av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Vi vil tilby barna varierte leikar som stimulerer til matematiske leik og utvikling av matematiske omgrep som omhandlar blant anna plasseringsord, ord som beskriv størrelse, form, talord, retning og mønster. Gjennom å strukturera avdelingane godt, ha god og klar dagsrytme og fast personell på avdelingane hjelper vi barna til å skape orden og oversikt, og vi stimulerer evna deira til å orientere seg. Ved å rettleia barn i problemløysing kan vi stimulere barnas evne til logisk tenking, og gjennom språkleg stimulering får dei reiskap til å uttrykka tankane sine.

Teieplikt og meldeplikt

Alle som arbeider i barnehage har teieplikt når det gjeld personlege forhold og meldeplikt ved mistanke om mishandling, kjønnslemlesting og anna omsorgssvikt. Jf. Barnehagelova §20.

Leiinga gir informasjon om og opplæring i forhold til dette, ved nytt barnehageår, ny tilsetjing og elles ved behov. Personalet får informasjon om kva det betyr for kvar enkelt og kva som

skjer viss ein ikkje overhald meldeplikta og teieplikta. Føresette blir informert om teieplikt og meldeplikt ved oppstartssamtalane og ved foreldremøte på hausten.

Samarbeid mellom heim og barnehagen

Føresette er barnehagens viktigaste samarbeidspartnarar der rammeplanen seiar at:

«barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Den daglege kontakta med føresette er viktig slik at vi saman kan gi barna ein trygg og god barnehagekvardag.

Gjennom daglege møter ved levering og henting av barnet vil viktig informasjon som angår barnets trivsel bli utveksla. Føresette vil kome på to samtalar i løpet av barnehageåret, der ein vil kunne gå djupare inn på det enkelte barns trivsel og utvikling. Om det er behov for fleire samtalar, finn personalet tid til dette ilag med føresette.

Gjennom året har vi ulike sosiale tilstellingar og kvart andre år vil det bli gjennomført brukarundersøking gjennom Time Kommune. Våren 2017 tok barnehagen i bruk Ebarnehage som er en elektronisk registrering og informasjonskanal. Her legg føresette inn ulik informasjon og meldingar til personalet og personalet legg ut forskjellig informasjon til dei. Dette er i tråd med Time kommune sin tenking i forhold til styrking av samarbeidet og dialogen mellom barnehagen og føresette.

Eigarstyret

Barnehagens eigarstyret er eit spesielt viktig organ for dagleg leiar, der ho har jamlege møter med dei, og der ho kan rådføra seg med styreleiar når ho treng det. Dette er og eit organ føresette kan bruka for å medverka i barnehagekvardagen.

Foreldrerådet

Foreldrerådet består av føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremme felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Vi har to foreldremøte/foreldreråd for kvart barnehage år. Det blir også halde eit årsmøte i april i regi av eigarstyret.

Samarbeidsutvalet

Barnehagens samarbeidsutval består av to representantar frå personalet, to representantar frå føresette og ein representant frå eigarstyret. I tillegg har dagleg ledar i barnehagen møterett, men ikkje stemmerett. Samarbeidsutvalet skal være eit rådgivande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet skal fungere som eit bindeledd mellom føresette og barnehagen. Det blir gjennomført to møter pr. barnehage år. Representantane blir valt for eitt år om gongen. Valet skjer på hausten i det gjeldande barnehageåret.

Samarbeid med andre instansar

Barnehagen samarbeider med fleire instansar i kommunen. Vi har eit tett samarbeid med Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT) som er i kontakt med barnehagen månadleg. Gjennom samtalar og observasjonar kan vi få rettleiing med omsyn til enkelt barn, barngruppa eller utfordringar hjå personale/personalgruppa. Vi har og kvar tredje månad ressursteam møte der representant frå PPT, barnevern, helsesøster, barnehagen og eventuelt føresette er representert. Dette er eit fora der vi gjennom fagleg kompetanse og arbeidserfaring drøftar ulike problemstillingar som ein opplever ein treng rettleiing og rådføring om. Dette er eit lågterskeltilbod der alle typar problem eller utfordringar kan drøftast. Familiesenteret er og eit lågterskeltilbod, der barnehagen og føresette kan saman, eller føresette åleine, søka om råd og veiledning. BUP (barne- og ungdomspsykiatri) og HABU (Habiliteringssenter for barn og unge) er instansar barnehagen kan samarbeida med ved behov. Me samarbeider med Bryne ungdomsskule og vidaregåande, der me tek i mot studentar som skal i praksis over kortare periodar. Barnehagen kan og ta imot elevar frå Hero-senteret som skal vær i arbeidspraksis over lengre tid (6 månadar). Vi har også samarbeid gjennom ulike nettverk med andre barnehagar i kommunen.

Overgangar

I Spødarbakken barnehage tek vi utgangspunkt i Time kommunes felles plan om overgangsarbeid som ligg ute på deira nettsida.

Tilvenning

For at barn og føresette skal få ein trygg og god barnehagekvardag er det viktig med ein god oppstart. Vi i Spødarbakken barnehage har valt å ta utgangspunkt i en foreldreaktiv tilvenning, såkalla «Jåttåmodellen».

Modellen blir hovudsakleg brukt for dei yngste barna under tre år.

Kort om modellen:

- Foreldremøte for nye foreldre i juni.
- Oppstartsamtale med pedagogisk leidar.
- Besøksdag for barn og foreldre før oppstart.
- Ved oppstart er foreldre til stade saman med barnet i fem heile dagar, ved behov kan dette forlengast. Dette gjelder i hovudsak barn under 3 år. Barn over 3 år anbefaler vi minimum tre dagar.
- Foreldre deltar aktivt i praktiske oppgåver i barnehagen i hovudsak dei tre første dagane, og har hovudansvaret for barnet i leik, stell og måltid. Kontaktpersonen frå barnehagen er i nærleiken og nærmar seg barnet gradvis i løpet av disse dagane.
- Tilvenning i små grupper.
- For meir informasjon om tilvenning, sjå «Velkommen til oss» hefte.

Overgang internt i barnehagen

I barnehagen tenkar vi at vi er ein heil barnehage og vi prøvar å jobbe ut frå at alle barna er «våre» barn og at vi skal ha ein relasjon til alle. For å klare det er dei vaksne spreidde rundt på dei forskjellige avdelingane på morgonen, det er fri leik der imens frukosten er på ei fast avdeling. Dette gjer vi bevisst for at vaksne og barn skal bli kjent med og trygge på kvarandre. I juni får barna koma på besøk til si nye avdeling saman med ein trygg vaksen, både for å leika og trygga seg ennå meir. Barna får og eit hefte med bilete og namn på dei vaksne som dei kan ha med heim før sommarferien. Det er oppstart på ny avdeling når barnet kjem tilbake etter sommarferie.

Overgang frå barnehage til barnehage

Når eit barn i ein barnehage har fått plass i ny barnehage, har styrar frå den gamle barnehagen ansvar for at det blir innhenta skriftleg løyve frå føresette til å overføra informasjon om barnet

til ny barnehage. Her vil observasjon materialar og anna informasjon være særst nyttig. Barnehagane som det gjeld, skal og planlegg ein best mogleg overgang for barnet.

Overgang frå barnehage til skule

Vi besøker Bryne og Rosseland skule når vi er på tur, både i aldersinndelte grupper, men og avdelingsvis. Dette gjer vi for å få ein meir glidande overgang frå barnehagen til skulen. Dei eldste går på fellestur med Ree og Austbø barnehage tre gongar før skulestart, dei blir då sett i grupper i forhold til skulekrins. I april har pedagogisk leiar overgangssamtale med foreldra og i mai blir denne informasjonen delt med lærarar på skulen. I mai/juni er barna på besøk på sin respektiv skule saman med vaksne frå barnehagen. Tilhøyrar barna andre skulekrinsar enn Bryne og Rosseland ringar pedagogisk leiar å gjer avtaler med den respektive skulen for å gjera barna sin overgang best mogleg.

Vedlegg

Progresjonsplan

Progresjonsplan for fagområdet kommunikasjon, språk og tekst	
Mål	Tiltak/verktøy
1-2 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle omgrepsforståing og eit variert ordforråd • Hjelp barna til å gi uttrykk for ynskjer og behov ut frå deira utviklingsnivå. • Bli glade i bøker, songar, rim og regler. 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke språket aktivt i kvardagen • Bruke song og rim og regler på samlingar og i kvardagen, bruke konkretar når det er mogleg. • Lese og sjå i bøker, ha bøker tilgjengeleg i barnehøgde på avdelinga.
3-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle omgrepsforståelsen og ordforrådet. • Bruke språket for å uttrykke ønsker og kjensler. • Bli kjent med bøker, bilete, tekst, songar, rim og regler. • Oppleva spenning og glede ved høgtlesing. • Øve på å ta andre sitt perspektiv. • Bli kjent med tal og symbol, undra seg over lydar og rytme. • Bli kjent med og bruk teikn til tale • Bruke språket til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løysa konflikhtar 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke språket aktivt i kvardagen • Bruke song og rim og regler på samlingar og i kvardagen. • Lese og sjå i bøker, ha bøker tilgjengeleg i barnehøgde på avdelinga. • Høgtlesing på barnas premisser. • Bruka konkretar når det er mogleg under tema – og eventyrsamling. • Tal, bokstavar og symbol er synleg på avdelinga. • Føresette og barn kan låne bøker med seg heim i frå biblioteket i gangen. • Teikn til tale-bilete heng synleg på avdelinga.

Progresjonsplan for kropp, rørsle, mat og helse	
Mål	Tiltak/verktøy
1-2 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Oppleve meistring og glede ved bruk av kroppen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Gi barna fysiske utfordringar ute og inne, både fin og grovmotorisk.

<ul style="list-style-type: none"> • Kjenne namnet på enkelte kroppsdelar. • Bli kjende med kroppen sin og bli bevisste sine egne og andre sine grenser. • Utvikle positivt forhold til mat, gode matvanar og hygiene. • 	<ul style="list-style-type: none"> • Namngje dei ulike kroppsdelane gjennom bruk av songar og i påkledning/stellesituasjonar. • Gjera måltidet til ei god oppleving, der vi har god tid og samtalen er i fokus. • Få nye og varierte smaksopplevningar
3-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle eigen kroppsdugeleik, oppleve meistring ved bruk av kroppen. • Få kroppslege erfaringar med uteliv i ulike årstider. • Bli trygg på seg sjølv og bli kjende med sine egne kjensler. • Prøve ut egne moglegheiter og læra å kjenna egne grenser og vise omsyn til andre sine. • Bli kjende med kroppen sin og utvikla respekt for eigen og andre sin kropp, respektere at vi er ulike. • Få kjennskap til korleis menneskekroppen fungerer. • Oppleve meistring ved å prøve ut forskjellige mat • Utvikle positivt forhold til mat, gode matvanar og hygiene. 	<ul style="list-style-type: none"> • Gi barna fysiske utfordringar ute og inne, både fin og grovmotorisk. • Bruke ulike turtilbod som er i nærleiken. • Det er tilbod om fin- og grovmotoriske aktivitetar i kvardagen, både vaksenstyrte og sjølvvalte. • Dei vaksne hjelper barna til å oppleve meistring. • Har ulike tema om kroppen, helse og kjensler. • Namngje dei ulike kroppsdelane gjennom bruk av songar, bøker, puslespel og i påkledning. • Gjera måltidet til ei god oppleving, der vi har god tid og samtalen er i fokus. • Få nye og varierte smaksopplevningar

Progresjonsplan for kunst, kultur og kreativitet	
Mål	Tiltak/verktøy
1-2 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Oppleve at fokus er på prosess og skaparglede. • Bli kjent med ulike kulturelle forteljingar og eventyr. • Få ulike sanseerfaringar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Legge forholda til rette for leik og kreativitet med ulike formingsmateriell. • Bruke konkretar i formidlinga av forteljingar og eventyr. • Bruke ulike materiell til sansestimuleringar.
3-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Oppleve glede med å delta i skapande og kreative aktivitetar. • Få estetiske opplevingar utanfor barnehagen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Legge forholda til rette for leik og kreativitet med ulike formingsmateriell. • Bruke ulike kulturtilbod, slik som Geo Park, parken i Bryne sentrum, ulike førestillingar og Jærmuseet.

<ul style="list-style-type: none"> • Få anledning til å uttrykke seg kreativt ved bruk av ulike materiell og teknikkar. • Få kjennskap til ulike fargar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke konkretar i formidlinga av forteljingar og eventyr. • Nemne fargenamn i ulike situasjonar og eksperimentere med ulike fargar.
--	--

Progresjonsplan for natur, miljø og teknologi	
Mål	Tiltak/verktøy
1-2 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med og erfare dei ulike årstidene. • Bli kjent med det som veks i naturen • Oppleve glede av å være ute i naturen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna er ute i all slags vær. • Gå på tur og sjå etter endringar i naturen. • Gi gode turopplevingar på barnas premisser.
3-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Oppleve naturen og dei ulike årstidene. • Få respekt for naturen og lære å ta vare på den. • Undre seg, eksperimentere og snakke om ulike fenomen i naturen. • Få erfaringar med tekniske leikar og hjelpemiddel. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna er ute i all slags vær og vi skal gi dei gode turopplevingar på barnas premisser • Gå på tur og sjå etter endringar i naturen. • Vi samtalar om viktigheita av å respektere naturen. • Vi rydder etter oss og plukker søppel i nærmiljøet. • Gjer forskjellige eksperimenter på tur og undra oss over disse. • Vi brukar tekniske hjelpemiddel saman med barna som dokumentasjon og oppslagsverk. • 4 – åringane tar bilete sjølv og redigerer disse i fotoprogram.

Progresjonsplan for etikk, religion og filosofi	
Mål	Tiltak/verktøy
1-2 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Få kjennskap til kristne høgtider og merkedagar. • Stimulere utvikling av empati og respekt for kvarandre. • Skape nysgjerrigheit og undring for det som omgjev oss. 	<ul style="list-style-type: none"> • Markere høgtidene ved bruk av song og dramatisering. • Varme og grensesettande vaksne som er gode rollemodellar for barna. • Aktive vaksne som undrar seg saman med barna, utan å gi fasitsvar på alt.

3-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Gi rom for undrande samtalar. • Vise respekt og toleranse for andre. • Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar. Viss det er representert andre religionar i barnehagen, er det naturleg å ta opp disse også. • Få konstruktive verktøy til å handtere ueinigheiter og konflikhtar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Aktive vaksne som undrar seg ilag med barna, utan å gi fasitsvar på alt. • Bruke «Være Sammen» materiell. • Varme og grensesettande vaksne som er gode rollemodellar for barna. • Markere høgtidene ved bruk av song, kreative aktivitetar, kyrkjebesøk og dramatisering. • Bruke samtalar, bøker og dramatisering som verktøy i konflikthandtering. • Formidla forteljingar på ulike måtar.

Progresjonsplan for nærmiljø og samfunn	
Mål	Tiltak/verktøy
1-2 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent i nærmiljøet • Oppleve medverknad • Fellesskap og gruppefølelse 	<ul style="list-style-type: none"> • Gå på regelmessige turar til faste mål i nærmiljøet slik at barna kjenner seg igjen. • Delta på gruppeaktivitetar og prosjekter i lag med andre. • Presentere «boka mi» for resten av gruppa for å skape interesse for kvarandre og skape gruppefølelse.
3-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Få positive erfaringar med at dei kan medverka i barnehagekvardagen fordi vi lever i eit demokratisk samfunn. • At gutar og jenter får same moglegheiter og utfordringar. • Bruke nærmiljøet og tilgjengelege ressursar. • Bli kjent med samar og deira kultur. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ta barnas meiningar på alvor. • Dei vaksne skal være gode og positive rollemodellar i forhold til kjønnsroller, og samtale i saman med barna om dette. • Gå på tur og bli kjent med samfunnet og nærmiljøet. • Ha tema om samar.

Progresjonsplan for mengd, rom og form	
Mål	Tiltak/verktøy

1-2 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med brettspel og puslespel. • Få erfaring med sortering og kjennskap til ulike fargar. • Få kjennskap til tall, mengdeomgrep og preposisjonane. 	<ul style="list-style-type: none"> • Spela spel og ha puslespel tilgjengeleg på avdelinga. • La barna være aktive i rydding og organisering av leiker. • Bruk av vekas hjelpar som er aktivt med og dekker bordet.
3-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Utforske og leike med forskjellige tal, størrelsar, vekt, mønster og former. • Få erfaringar med ulike matematiske omgrep. • Få erfaringar på å resonnera, stilla spørsmål, argumentera og søkje løysningar. • Bruka kroppen og sansane for å utvikla romforståing. 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke samlingar, spel, leikar, eksperiment til utforsking og leik. • Bruke matematiske omgrep naturleg i kvardagen. • Ha spel, tal og symbol synleg på avdelinga. • Aktivt bruke eventyr, rim og regler, songar og spel. • Ha opne samtalar, støtte og oppmuntre barna på eigne løysningar på problemstillingar.